

ARKOCONSULT AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Dato	07.12.2022
Vår referanse	2022/94148-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Berit Vik
E-post	Berit.Vik@vlfk.no
Telefon	41321036

Kulturmiljøfagleg fråsegn - detaljregulering - reguleringsplan for Sundet og Midtsundet gnr. 326 bnr 3 og 132 m.fl. - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljømynde. Vi ettersender vårt innspel, då det ikkje kom med i brev frå Vestland fylkeskommune som blei sendt ut i går 6. desember.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale kulturminneinteresser kan Vestland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn til planforslaget.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområdet. I samband med prosessane omkring reguleringsplan for Midtsundet bustadfelt (Plan-ID 12560070002) og Sundet (Nordsundet, Plan-ID 125620060005), begge vedtekne i 2011, blei det gjennomført arkeologisk synfaring/registrering. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne, og undersøkingsplikta er såleis å rekne som gjennomført.

I planområdet er det registrert to SEFRAK-bygg; naust ved Håøysundet (Sefrak-ID 1256_0203-033) og ei lemstove, med nyare tilbygg, ved Midtsundet 13 (Sefrak-ID 1256_0203-027). Eventuelle tiltak på desse bygga er meldepliktige til Vestland fylkeskommune då dei kan skrive seg frå før 1850. Vi ber elles om at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Berit Vik
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4